

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lærekandidatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfelleskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren. Rettleiarane skal leggest fram for politisk nivå som referatsak når desse er ferdig utarbeida.

3. Fylkesdirektøren følgjer opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

4. Fylkestinget viser til uttale frå RMNF i saka og utvalet ønskjer ei tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfølging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på. Denne tilbakemeldinga skal også leggest fram for RMNF.

5. Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak for hovudutval for opplæring og kompetanse med mål om å finne ei god ordning for elevar med stort tilretteleggingsbehov. Ref. Lærekandidat ordning i Viken.